



## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Hilde-Lill Våge

Arkivreferanse: 2024/13-1

### Reglement Vatn - og avløpsgebyr for Samnanger kommune

Saksnr.	Organ, utval	Møtedato
	Kommunestyret	

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune vedtek reglement for vatn og avløpsgebyr slik det ligg føre av 22.02.2024.

Grenseverdi og reglar for påkopling vatn og avløp for eksisterande bustader går fram av pkt. 3.6;

- Eigedom som går over eller i veg som støyter til den eller over nærliggande areal skal knytast til offentleg vatn- og avløpsanlegg.
- Kommunen har sett ei grense for estimerte kostnader for handsaming av tilkopling av vatn eller avløp;
  - o Under 2G (grunnbeløp i folketrygda) får eigdommen vedtak om tilkopling.
  - o Høgare enn 2G (grunnbeløp i folketrygda) vert saka sendt over til formannskapet for handsaming. Formannskapet avgjer om eigdommen skal koplast på offentleg vatn- og avløpsnett, eller om det skal verta søkt om anna godkjent avløpsløyning.
- Frist for tilkopling til offentleg vatn- og avløpsnett er eitt år med høve for utsetting i ytterlegare eitt år etter skriftleg søknad med grunngjeving. Vedtaket kan klagast på innan tre veker etter motteke brev med vedtak. Statsforvaltaren er overinstans og handsamar eventuell klage.

Saksopplysningar

**Saka gjeld:** Reglement for vatn og avløp og tilkopling eksisterande bustader.

**Bakgrunn for saka:** Kommunestyret vedtok 07.12.2023 at det skulle verte utarbeidd reglement for tilkopling av eksisterande bustader til kommunal vatn- og avløpsnett.

Kommunen sine reglar for vatn og avløp er regulert av ei rekkje lover, forskrifter, lokale vedtak og reglement;

- Lov 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg.
- Forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften), kap. 16.
- Plan- og bygningsloven 27. juni 2008 nr. 71.
- Reglement for vatn- og avløpsgebyr 22.02.2022 (dette reglement).
- Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp, Administrative bestemmelser, utgitt av Kommuneforlaget i 2017. (Vedtatt av Samnanger kommunestyre 26.11.2015)
- Øvrige dokumenter og kjelder:
  - Kommunens handlingsprogram; vatn- og avløpsgebyr
  - VA-norm for Samnanger kommune – vedteke 10.06.2021
  - Standard abonnementsvilkår for vann og avløp, Tekniske bestemmelser, utgitt av Kommuneforlaget i 2017
  - Matrikkelen

Det er mest føremålstenleg å samle samtlege reglar og gebyr for vatn og avløp i eit reglement. Reglar for tilkopling av eksisterande bustader til offentleg vatn og avløp er lagt til som eige punkt i reglementet som vert tilrådd og ligg vedlagt. Det er òg utarbeid ein eigen rutine og informasjon om tilkopling vatn og avløp til heimesida og til brev/informasjon til innbyggjarane (vedlagt).

#### **Vurdering** - tilkopling eksisterande bustader

I saka her er det særskilt nytt punkt om tilkopling av eksisterande bustader som er omtala og vurdert.

Til det trengs det særskilt ei avklaring av reglene i plan- og bygningsloven §§ 27-1 – 27-3, og kva som ligg i "nærliggande areal", "uforholdsmessig stor kostnad" og "særskilte hensyn". I kva grad og eventuelt under kva føresetnader kan kommunen krevje tilknytning til offentlege leidningsnett via private anlegg/leidningsnett.

Tilknytingsplikt for eksisterande bustader er å sjå som meir tyngande for eigar av eigedommen enn tilknytingsplikt for nybygg, og særskilt fordi eksisterande bustad allereie har ei lovleg løysning. Eigarane er ofte ikkje førebudd på utgiftene. Vidare kan kostnadane verte større når arbeidet ikkje vert gjort samstundes med oppføring av bustaden.

Kommunen må difor oppfylle desse vilkåra for å kunne gjere krav om tilknytning for vatn og avløpsleidning;

- går leidninga over eigedommen
- går leidninga i veg som støytar til eigedommen
- går leidninga over nærliggjande areal

Kommunen kan godkjenne ei anna ordning og vurdere etter skjønn;

- uforholdsmessig stor kostnad
- særlege omsyn
- å godkjenne ei anna ordning

Det er kommunen som må pålegge at bustadeigedommar må knytte seg til. Det er ikkje et brot på plan- og bygningslova sine reglar om grunneigarar unnlét å knytte seg til ei ny leidning på eige initiativ når den vert lagt langs veg eller over eigedommen.

#### Kommunen skal vurdere

Kommunal- og distriktsdepartementet har uttalt at 300-600 meter leidning ikkje vert sett på som urimeleg langt og er ei leidning som ligg nærliggande. Den fysiske avstanden mellom leidningsnettet og eigedommen er ikkje aleine avgjerande. Det må verte gjort ei konkret vurdering, der òg andre faktorar vert lagt vekt på. Det avgjerande vil vera om tilknytingskostnadane er akseptable sett i forhold til ein forventa kostnad ved tilknytning. I vurderinga bør kommunen ta omsyn til tomtstorleiken, tomte si utnyttingsgrad, bygga sine bruksføremål, terrenget og grunnforholda.

Samla skal dette verte vurdert før kommunen godkjenner anna ordning.

Ved uforholdsmessige kostnadar kan kommunen gje unntak for eigedommar frå tilknytingsplikta. Kommunen kan legge vekt på kva kostnad som kan verte forventa for tilknytning i området, og kva kostnadar overstig det som er vanlege kostnadar for området. Det er i utgangspunktet ikkje noko tak for kva som kan vere kostnadane i området. Det er ikkje tilstrekkeleg at dei er noko høgare enn normalkostnaden, og økonomien til eigar skal ikkje verte lagt til grunn. Kommunal- og distriktsdepartementet har tatt utgangspunkt i ei grense om å ikkje overstige 3 gangar normalkostnaden ved tilkopling.

#### **Forslag til grenseverdi og reglement for tilkopling eksisterande bustader**

- For at kommunen skal kunne vurdere tilkopling til offentleg vatn og avløp frå eksisterande bustader vert det tilrådd ein grenseverdi for akseptabel kostnad. Kostnad over denne vert tilrådd å få handsaming i formannskapet, for å få vurdert om der ligg føre ein uforholdsmessig stor kostnad som kan verte tatt særskilt omsyn til, eller få godkjent ei anna ordning.
- Grenseverdien er tilrådd sett til 2 G = kr. 237.240,- (1 G=118 620 kr.). Grenseverdien vert indeksregulert kvart år pr. 1. mai i samband med NAV sine satsar. Grenseverdien gjeld både for tilkopling for vatn og for tilkopling av avløp.
- Grenseverdien er sett ut frå anslag om kva det kan kosta å etablere **anten** privat vatn- eller avløpsanlegg.
- Ved forureining kan kommunen ved særskilte omsyn pålegge tilkopling for avløp, òg om kostanden har høgare grenseverdi enn 2 G.

## Konklusjon

Grenseverdi og reglar for dette er innarbeid i eit reglement som dekker tidlegare reglar og gebyr for vatn og avløp, og det er tilrådd i pkt. 3.6. - Pålegg om tilkopling;

- *Eigendom som går over eller i veg som støyter til den eller over nærliggande areal skal knytast til offentleg vatn- og avløpsanlegg.*
- *Kommunen har sett ei grense for estimerte kostnader for handsaming av tilkopling av vatn eller avløp;*
  - o *under 2G (grunnbeløp i folketrygda) får eigdommen vedtak om tilkopling.*
  - o *høgare enn 2G (grunnbeløp i folketrygda) vert saka sendt over til formannskapet for handsaming. Formannskapet avgjer om eigdommen skal koplast på offentleg vatn- og avløpsnett, eller om det skal vert søkt om anna godkjent avløpsløysning.*
- *frist for tilkopling til offentleg vatn- og avløpsnett er eitt år med høve for utsetting i ytterlegare eitt år etter skriftleg søknad med grunngjeving. Vedtaket kan klagast på innan tre veker etter motteke brev med vedtak. Statsforvaltaren er overinstans og handsamar eventuell klage.*

Kopi av saksutgreiing kommune styresak 23/2024